

Magnar og Grete Bleikli  
Osterfjordvegen 167 A  
5914 Isdalstø

27.08.2019

Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Innspel til kommuneplanens arealdel – førstegongs høyring**

Viser til vårt innspel om naustområde, sendt 06.09.2018. Me registrerar at innspelet vårt, naustområde med omlag ti naust med tilrettelegging for badeplass og opptrekk for båt, er fjerna etter konsekvensutredninga. Me ber om at innspelet blir vurdert takast inn igjen.

Lindås Kommune bad om innspel for naust og friluftsområde ved sjø, men me registrerar at det er berre eit anna naustområde som er tatt med vidare til førstegongshøyringa. I tillegg til å verna om allereie etablerte områder for rekreasjon må ein og leggja til rette for nye rekreasjonsområder i takt med utviklinga.

Då ein i Nordhordland har lange tradisjonar for bruk av sjøområde til rekreasjon, meiner me at vårt innspel er eit positivt innspel i «stor-Knarvik». Me ser for oss eit naustområde med sal av private naust og eit opparbeida område med t.d badeplass og båtopptrekk med tilgang for allmenheita. Denne tilgangen til sjø vil være eit gode som me trur kan auke trivsel og livskvalitet for fleire.

Med tanke på vegetablering er vår vurdering er at det er realistisk utan unødvendige terrenginngrep, anten i samanheng med vegnettet frå dagens Såta eller i samanheng med ei eventuell utbygging i eit forlenga Såta-felt. Me vurderar det også slik at det innerst ved Oldrane er grunne nok til at ein bør gjere ei undersøking om moglegheiten for å opparbeide molo til småbåtar.

Om det er behov for meir informasjon, kan me gjerne ta eit møte eller i ein befarung for å sjå korleis dette kan realiserast.

Med venleg helsing

Magnar og Grete Bleikli